



100 år i 2020

ROGALAND MÅLLAG ÅRSMELDING 2021

Rogaland Mållag hadde ved inngangen til 2021 1 272 medlemmer. Eit tal som auka til 1 333 ved inngangen til 2022. Årsoverskotet var på kr 15 083 og blir lagt til eigenkapitalen for laget.

STYRE

Ved inngangen til året hadde Rogaland Mållag dette styret:

- | | |
|--|---------------|
| • Einar Schibevaag, Stavanger Mållag | leiar |
| • Terje Fatland, Sauda Mållag | nestleiar |
| • Inger Størseth Haarr, Sandnes Mållag | styremedlem |
| • Åse Elin Langeland, Stavanger Mållag | styremedlem |
| • Hanna Sande Turøy, Strand Mållag | styremedlem |
| • Magne Viggo Høyland, Jæren Mållag | 1. varamedlem |
| • Jon Torger Hetland Salte, Jæren Mållag | 2. varamedlem |
| • Lars Slåttå, Stavanger Mållag | 3. varamedlem |

ÅRSMØTE 2020

Årsmøtet 2019 skulle vore eit jubileumsårsmøte med storstilt feiring.

Grunna epidemien måtte feiringa utsetjast. I staden blei årsmøtet for 2019 digitalt. Feiringa skulle så skje ved årsmøtet for 2020, våren 2021.

Også dette måtte utsetjast på grunn av epidemien, så det blei årsmøte på Bryne hotell så seint som 3. og 4. september 2021. Det var til det årsmøtet lagt opp til vedtektsendringar som bl.a. skulle føra til at talet på styremedlemmer ville bli redusert frå 5 til 3. Den saka blei utsett, til årsmøtet for 2021. Det resulterte i at det blei valt nytt styre med funksjonstid fram til våren 2022.

- | | |
|---|---------------|
| ○ Einar Schibevaag, Stavanger Mållag | leiar |
| ○ Terje Fatland, Sauda Mållag | nestleiar |
| ○ Inger Størseth Haarr, Sandnes Mållag | styremedlem |
| ○ Tarjei Gjesdal, Gjesdal Mållag | styremedlem |
| ○ Svein Madland, Gjesdal Mållag | styremedlem |
| ○ Marianne Nårstad Barkved, Strand Mållag | 1. varamedlem |
| ○ Ellen Einarvoll, Sandnes Mållag | 2. varamedlem |
| ○ Wenche Haugen Havrevoll, Suldal Mållag | 3. varamedlem |

Den lenge planlagde jubileumsmiddagen blei halden på Bryne Hotell 3. september.

- Fylkeslaget vil tilby lærarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen innføring i antologien «Vegar ut til alle kantar» med tilhøyrande undervisningsressursar.
- Notat om målbyte i den vidaregåande skulen adressert til Rogaland fylkeskommune (29.01.2021) må følgjast opp.
- Fylkeslaget vil halda fram arbeidet kring eit Lølandsenter.
- Alle lokallaga skal ha ein kontaktperson i styret. Denne kan inviterast til styremøter eller andre samlingar i lokallaget.
- Fylkeslaget vil saman med lokallaga arbeida for å auka talet på medlemmer slik at me når målet om 1500 medlemmer i Rogaland innan fylkesårsmøtet i 2022.
- Rogaland Mållag vil invitera Karmsund Mållag og Rogaland Ungdomslag til eit tettare samarbeid om oppgåvane i fylket.
- Utarbeida forslag til nye vedtekter som blir å leggja fram på årsmøtet for 2021.

STYREMØTE

Det har vore 5 styremøte i 2021, og ingen av dei var digitale.

NETTSIDE

Rogaland Mållag utvikla nettside i 2021.

Nettsida er enkel å drifta/ vedlikehalda, og er slik forma at lokallaga kan linka seg til sida og slik markera/marknadsföra seg.

NETTMØTE MED LOKALLAGA

Fylkeslaget hadde nettmøte med lokallag 11. februar. 10 lokallag var kopla til, og møtet var viktig for å få til informasjonsflyt begge vegar.

TILDELING OG BRUK AV «VEGAR UT TIL ALLE KANTAR»

Alle vidaregåande skular i Rogaland fekk i 2021 tildelt klassesett som gav. Mange ungdomsskular har kjøpt klassesett, og nokre kommunar har kjøpt og gitt til ungdomsskular i sin kommune. Tilbakemeldingane frå brukarane er gode, og vitnar om at dette tiltaket frå Rogaland Mållag vil gi effekt og løfta nynorsk arbeidet i undervisningssystemet i fylket.

Noregs Mållag løvvde 70.000 kroner for å styrkja og letta implementeringa av undervisningsopplegget i skulane i Rogaland. Stavanger kommune følgde på med løvving på 40.000 kroner til kjøp til sine ungdomsskular.

Mange av laga har sytt for at ungdomsskulane har fått klassesett. Fylkeslaget har framleis bøker som kan nyttast i ungdomsskular som ikkje har fått bøker. Den pedagogiske plattforma er framleis ikkje heilt i mål, men i bruk. Dette vil fylkeslaget arbeida vidare med. Kurs for norsklærar er òg eit tiltak fylkeslaget vil arbeida for å få til.

MOTTAKING PÅ LEDAAL

Stavanger kommune v/ordførar og leiar av kulturutvalet heidra hundreårsjubilanten Rogaland Mållag med mottaking på Ledaal 20. oktober. Det var høgtid over arrangementet. Det er «eit poeng i poenget» at mottakinga på Ledaal er i heimen til Alexander Kielland. Kielland var ikkje nett kjend for å gå på barrikadane for nynorsk og målsak, snarare tvert om.

Om kvelden var det samkome/festkveld på utestaden Martinique i Stavanger der kulturarbeidarane Terje Torkildsen, Åshild Vetrhus og Tønes bidrog til god stemning.

MÅLPRIS

I 2021 blei det delt ut to målprisar. Ein for 2020 og ein for 2021.

Under årsmøtet til Rogaland Mållag på Bryne delte ordførar i Time, Andreas Vollsunnd, målprisen til serveringsstadene Mellombels, Hemmeleg og Rits for å gjera nynorsken synleg i hjartet av Bryne, der dei omkransar Bryne torg. Dei har alle gjort eit medvite val om å profilera seg på nynorsk, (både utanfor og inne i lokala sine, i marknadsføringa og på sosiale media,) og fortener Rogaland mållags målpris for 2020.

Under mottakinga til Stavanger kommune på Ledaal 20.10.2021 delte varaordførar Dagny Cesilie Sunnanå Hausken målprisen for 2021 til Anne Elise Winterhus frå Stavanger Mållag. Prisen fekk ho for innsatsen sin for målsaka gjennom mange år på alle nivå i rørsla. Men òg for korleis ho har fremja bruk av nynorsk gjennom yrkeskarrieren sin i Rogaland fylkeskommune.

Styret har sett ned ei eiga nemnd for utdeling av målprisen som består av tre medlemmer. Det er òg utarbeidd retningslinjer for arbeidet.

KAPITALFORVALTNING.

Styret vedtok i 2021 å plassera inntil 350.000 kroner av Rogaland Mållag sin eigenkapital i ein portefølje gjennom Skagenfonda. Dette for å auka utbyte på kapitalen, då situasjonen er blitt slik at innskot i bank gir negativt renteutbyte om ein tek omsyn til generell prisstiging/inflasjon.

NYNORSKSTAFETTEN.

I november hadde Rogaland vitjing av det som Noregs Mållag kallar Nynorskstafetten.

Stafettaget var to sentrale personar frå Noregs Mållag, representant frå Målungsdomen og ein forfattar.

Dei reiste rundt i kommunane og hadde møte med kommuneleiing, politisk og administrasjon, skular på alle nivå, barnehagar og lokallaga.

Lokallaga hadde ansvar for opplegget i eigen kommune.

NYNORSKPROSJEKTET RIM OG REGLER I BARNEHAGE OG SMÅSKULE

Rogaland har søkt og fått 50 000 kroner til Suldal Mållag sitt prosjekt «nynorsk i song og rim/regler i barnehage og småskule i nynorske kommunar».

Mål for prosjektet og arbeidsform/metode :

1. Kartleggja kva for songar og rim/regler som blir brukte i barnehagane og småskulen i Suldal kommune, Rogaland.
2. Presentera funn for leiarar, lærarar og andre tilsette og samstundes presentera songar, rim/regler på nynorsk. Presentasjonen skal m.a. også gje tilhøyrarane medvitne om korleis utanåtlæring på nynorsk vil gjera det lettare for borna å bli trygge og gode i sitt eige hovudmåll. Dei treng å ha røyster i hovudet som snakkar det språket dei etter kvart skal skriva. Målet er at nynorsk skal vera det mest naturlege språket å bruka for dei som veks opp i nynorske kommunar.
3. Opplegget for konkret kartlegging og påfølgjande presentasjon skal vera eit verktøy til bruk også i andre nynorske kommunar.

Prosjektet skal setjast i verk i 2022.

AKSJON HÅ

Hå Mållag er igjen aktivt og fylkeslaget i samarbeid med lokallaget har gjennomført ein vervekampanje til alle husstandar med tilbod om å bli medlem. Laget vil sjølv følgje kampanjen opp lokalt.

Rogaland, 15.03.2022

Einar Schibevaag

Tarjei Gjesdal

Terje Fatland

Inger Størseth Haarr

Svein Madland

Rekneskap 2021

ROGALAND MÅLLAG REKNESKAP 2021

| | REKN 2021 | REKN 2020 | % |
|------------------------------|-------------------|-------------------|--------------|
| INNTEKTER | | | |
| Medlemspengar | 66 650,00 | 75 470,00 | -12 % |
| Stønad fylke | 0,00 | 31 167,00 | |
| Årmøte | 37 443,50 | 3 250,00 | |
| Jubileumsinnsamling | 1 000,00 | 328 498,71 | -100 % |
| Nynorskprosjekt ¹ | 50 000,00 | 0,00 | |
| Andre inntekter ² | 240 449,72 | 328 178,42 | -27 % |
| SUM INNTEKTER | 395 543,22 | 766 564,13 | -48 % |
| KOSTNADER | | | |
| Styrearbeid | 7 035,25 | 7 085,00 | -1 % |
| Kontortenester ³ | 32 112,87 | 32 156,00 | 0 % |
| Årmøte | 43 691,00 | 1 756,00 | |
| Møte & kurs | 2 049,00 | 0,00 | |
| Landsmøte | 0,00 | 0,00 | |
| Andre kostnader ⁴ | 255 900,00 | 2 250,00 | |
| Jubileum | 30 096,49 | 211 199,90 | -86 % |
| Gåver & stønad | 10 000,00 | 280 000,00 | -96 % |
| Nynorskprosjekt | 0,00 | 0,00 | |
| Målprisen | 900,00 | 2 453,63 | -63 % |
| Gebyr | 2 364,00 | 2 432,00 | -3 % |
| SUM KOSTNADER | 384 148,61 | 539 332,53 | -29 % |
| Avskrivningar | 0,00 | 0,00 | |
| DRIFTSRESULTAT | 11 394,61 | 227 231,60 | -95 % |
| FINANS | | | |
| Renteinntekter | 3 668,64 | 4 974,20 | -26 % |
| Rentekostnader | 0,00 | 0,00 | |
| Avskrivningar | 0,00 | 0,00 | |
| NETTO FINANS | 3 668,64 | 4 974,20 | -26 % |
| ÅRSRESULTAT | 15 063,25 | 232 205,80 | -94 % |

¹ Prosjektmidler Suldal frå NM.

² Stønad til antologi frå NM 70.000, Salg antologi 78.850, Stønad jubileumsarr. 45.000, Momskompenasjøn 42.522, Reisestønad landsmøtsmøte NM 2.269, Stimuleringsstøkt Covid 1153, Tippemidler 1.009.

³ Web-domene og pedagogisk tilrettelegging undervisningsopplegg.

⁴ Kjøp av antologi 250.400, brosjyrer undervisningsopplegg 5.500.

ROGALAND MÅLLAG BALANSE

| EIGEDELAR | 31.12.2021 | 31.12.2020 |
|----------------------------------|-------------------|-------------------|
| OMLØPSMIDLAR | | |
| DNB Brukskonto | 137 137,46 | 310 236,36 |
| SR-Bank Brukskonto | 444 385,31 | 262 941,80 |
| SR-Bank Sparekonto | 10 673,86 | 10 641,86 |
| DNB Rentefond | 47 841,84 | 47 576,20 |
| Felleskjøpet | 262 714,09 | 259 343,09 |
| Målreisingsfondet | 12 000,00 | 12 000,00 |
| Fordringar | 66 650,00 | 63 600,00 |
| SUM OMLØPSMIDLAR | 981 402,56 | 966 339,31 |
| ANLEGGSMIDLAR | | |
| Aksjar Dag og Tid | 1 100,00 | 1 100,00 |
| SUM ANLEGGSMIDLAR | 1 100,00 | 1 100,00 |
| SUM EIGEDELAR | 982 502,56 | 967 439,31 |
| GJELD OG EIGENKAPITAL | | |
| GJELD | | |
| Kortsiktig gjeld | 9 000,00 | 9 000,00 |
| EIGENKAPITAL | | |
| Eigenkapital | 958 439,31 | 726 233,51 |
| Årsresultat | 15 063,25 | 232 205,80 |
| SUM EIGENKAPITAL | 973 502,56 | 958 439,31 |
| SUM GJELD OG EIGENKAPITAL | 982 502,56 | 967 439,31 |